



Steffen Rossland
SKURTVEITVEGEN 33
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1752 - 22/18366

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
03.03.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 348/1 Skurtveit

Tiltak: Søknad om dispensasjon og deling
Byggjestad: Gbnr 348/1
Tiltakshavar: Steffen Rossland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.02.2022.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Avkøyrsla til kommuneveg 2126- Skurtveitvegen må vera godkjent av Alver kommune. Søknad om utvida bruk av avkøyrsla gjer du på Statens Vegvesen sine nettsider.
2. Tomta må vera sikra godkjent avløpsløyving. Det må anten leggjast fram førehandsløyve for utslepp eller du må søkja om utsleppsløyve. Om dette spørsmålet kan du ta kontakt med Hogne Askeland på Miljø- og tilsynsavdelinga i kommunen.
3. Tomta må vera sikra tilgang til hygienisk og tilstrekkeleg drikkevatn og sløkkevatn. Dette må dokumenterast.
4. Dersom vass- og avlaupsleidningar skal gå over annan grunn må det leggjast fram erklæring om rett til slikt. Skjema for erklæring om rett i fast eiendom finn du på kartverket si heimeside: [Erklæring om rettighet i fast eiendom | Kartverket.no](#)
Du kan la Bnr. i punkt 2 stå oppe for seinare utfylling.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.04.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Steffen Rossland

SKURTVEITVEGEN 33

5917

ROSSLAND